

Aktivitet FAU desember 2022 og januar 2023

I desember sende me ut moglegheitsstudien for ny sentrumsskule i Sogndal på høyring til alle foreldra på Kvåle skule. Me sette høyringsfrist 18.12. Det var få tilbakemeldingar som kom inn, men me gjekk gjennom alle innspela. Høyringsrunden hadde me for å kunne vere foreldra sitt talerør i den vidare diskusjonen på kvar den nye skulen skal plasserast. Alle tilbakemeldingane me fekk gjekk på at Trudvang var det beste alternativet for ein ny 1 – 7 skule.

Grunnar som vart oppgitt i forhold til plassering på Trudvang:

- eit levande sentrum med stor aktivitet
- leikeplass/friareal og gymsal i sentrum
- kort gangavstand til skule for dei minste elevane
- skulen kan nytte seg av andre aktivitetar i sentrum – parken, Fjordstien, Kulturhuset
- dei minste blir heldt avskilt frå dei største elevane, noko som vil opplevast som eit tryggare psykososialt miljø både i skuletida og på skulevegen
- det vil opplevast positivt med skifte av miljø når ein vert eldre (frå Trudvang til Kvåle)
- skåne dei minste frå eit ungdomsmiljø
- gymsal er viktig og mykje brukt av elevar på SFO. På Kvåle vil fleirbrukskall ikkje gymsal knytt til skulen.

Måndag 16. januar var vi kalla inn til informasjonsmøte i regi av Sogndal kommune sin byggavdeling for å få ein presentasjon av dei tre moglege plasseringane av ny skule,- Trudvang, Fosshagen og Kvåle. Avdeling for samfunnsutvikling var også med i møte, då ein tenkjer at ny skule vil få konsekvensar for den vidare sentrumsutviklinga og sentrumsplanlegginga.

Andre som møtte opp på møtet var FAU Trudvang skule, miljøretta helsevern, ungdomsrådet, idrettsrådet, SIL, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Det vart mykje diskusjon og det var ulike argument for den eine og den andre plasseringa, stort sett berre plasseringa på Kvåle og på Trudvang vart diskutert.

Det som var mest interessant var at me no skal berre bestemme plasseringa, så vil skulebygget bli plassert der det er mest hensiktsmessig ut frå ulike kriterie som trekk, sol, støy, pris, trafikale løysingar, minst klimaavtrykk etc. Det er derfor ikkje sikkert at skulebygget blir plassert akkurat slik som det er teikna inn på teikningane som ligg føre per dags dato.

5.- februar vil administrasjonen i Sogndal kommune legge ut moglegheitsstudien for offentleg høyring, og alle som ynskjer kan sende inn innspel. Høyringa vil ligge ut i 30 dagar. Alle innspela bli gått gjennom av administrasjonen. Kommunedirektøren skriv innstillinga til kommunestyret som skal handsame saka 30. mars.

Vi vil ha ein tilsvarande prosess i denne runden som vi hadde ved moglegheitsstudien. Informasjon vil bli lagt ut på klassane sine facebookssider.

Merethe Relling Trettenes

Leiar FAU Kvåle skule 22/23